

NOTAT

GÅR TIL: Leiargruppa
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 20.11.2020
FRÅ: Sekretariatet
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar**

ARKIVSAK: 2020/25

STYREMØTE: 09.12.2020

Administrerande direktør si orientering pkt. 3

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
18.09.2020	Høyring om innsending av dokumentasjon for hurtig metodevurdering FHI har utarbeidd eit utkast til retningslinjer for medisinsk utstyr og diagnostiske intervensjonar, basert på Prioriteringsmeldinga (St. 34 (2015-16)). FHI ønsker innspel på utkastet.	15.12.2020	
05.10.2020	Forslag til ny forskrift om legemiddelreseptar og rekvisisjonar Helse- og omsorgsdepartementet sender foreslår ei ny forskrift om legemiddelreseptar og rekvisisjonar. Forskrifta skal erstatte forskrift 27. april 1998 nr. 455 om rekvirering og utlevering av legemiddel frå apotek. Den nye forskrifta vil i større grad vera tilpassa ein digitalisert kvardag, bidra til at regelverket blir meir oversiktleg og dermed vera lettare for rekvirentar og helsepersonell i apotek å orientere seg i. Det blir m.a. foreslått å utvide rekvireringsretten for helsesjukepleiarar og jordmødre.	08.01.2021	HF-a, SAV og HVIKT har fått høyringsbrev RHF-et kjem ikkje til å senda høyringssvar

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
30.10.2020	Miljøpolicy for innkjøp I Oppdragsdokumentet til Sykehusinnkjøp HF frå 24.02.2020 står det i kpt. 3: «Styringsbodskap frå dei regionale helseføretaka for 2020» i pkt n): «.....Sykehusinnkjøp HF skal forankra miljøpolicy med eigarane før han blir behandla i styret i Sykehusinnkjøp HF.....» Sykehusinnkjøp HF har med bakgrunn i dette, revidert miljøpolicyen sin for innkjøp. Miljøpolicyen er sendt på høyring til dei fire regionale helseføretaka.	16.12.2020	HF-a og SAV har fått høyringsbrev RHF-et koordinerer og sender ei samla uttale.
03.11.2020	Forskrift om krav til innsendingsformat ved individuell stønad for legemiddel og næringsmiddel Helsedirektoratet føreslår at legar som søkar på vegner av pasient skal nytta ny søknadsløysing for blåresept (Blåreseptsøknad). I praksis inneber forslaget at ny blåreseptsøknad vil erstatte papirbaserte søknader om individuell stønad på blå resept og elektroniske søknader via e-reseptløsningen (M2). Vidare inneber forslaget at Helfo ikkje vil behandla søknader som kjem på feil søknadsformat.	03.02.2021	HF-a, HVIKT og SAV har fått høyringsbrev RHF-et koordinerer og sender ei samla uttale.
06.11.2020	Høyring av endringar i grossistregelverket Helse- og omsorgsdepartementet sender forslag om endringar i reglane for grossistverksemd på høyring. Forslaget skal ta vare på behovet for oppdatering av regelverket slik at det er tilpassa den til dels omfattande utviklinga som har skjedd på området. Høyringa inneheld òg eit forslag om at styresmaktene skal kunna fastsetja grossistavanse på helseføretaksfinansierte legemiddel.	08.01.2021	HF-a og SAV har fått høyringsbrev RHF-et kjem ikkje til å senda høyringssvar, men har bedt om kopi av eventuelle svar.

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
10.11.2020	Høyring av forslag om fri utsetjing av foreldrepengar Barne- og familiedepartementet sender forslag til endringar i folketrygdlova på høyring. Foreldre kan i dag utsetje foreldrepengane i enkelte tilfelle, til dømes dersom den som skal utsetje, er i arbeid på heiltid. Forslaget i høyringsnotatet inneber at foreldrepengane fritt kan utsetjast, uavhengig av årsaka til at forelderen ønsker å utsetje. Foreldrepengane må, som i dag, vera teke ut innan barnet fyller tre år.	22.12.2020	
16.11.2020	Høyring av forslag om endring i reglane om hjelpemiddel frå folketrygda til personar med kjønnsinkongruens Arbeids- og sosialdepartementet sender eit forslag til endringar i reglane om hjelpemiddel frå folketrygda til personar med kjønnsinkongruens på høyring. Dei nasjonale faglege retningslinjene for helsehjelp til personar med kjønnsinkongruens er endra med verknad frå 23. juni 2020. Folketrygda dekkjer nokre hjelpemiddel til denne gruppa. I tråd med tilrådinga foreslår Arbeids- og sosialdepartementet endringar i forskrift 18. april 1997 nr. 336 om stønad til dekning av utgifter til ortopediske hjelpemiddel, brystprotese, ansiktsdefektprotese, augeprotese og parykk (ortopediforskrifta). Det vert foreslått å fjerne kravet om at personar med kjønnsinkongruens må få tilsegn frå sjukehus om kjønnskifteoperasjon og har starta med hormonbehandling, for å få parykk og brystprotese. I staden skal det vera tilstrekkeleg at ein kan dokumentere med legeerklæring at ein har diagnosen kjønnsinkongruens.	15.02.2021	HF-a har fått høyringsbrev RHF-et kjem ikkje til å senda høyringssvar

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
17.11.2020	Endringar i læringsmål for legar i spesialisering og forslag til endra nummerering/paragrafsetting av vedlegg 2 til spesialistforskrifta, forskriftsendring mars 2021 Innspel og forslag til endringane har i all hovudsak kome frå Legeforeninga. Endringane dreier seg i hovudsak om endringar i læringsmål og temaoverskrifter i 23 spesialitetar, og omfattar eit breitt utval av endringar; fagleg innhald, endringar i kompetansenivå, språklege rettinger, flytting av læringsmål, nye læringsmål, endring av temaoverskrifter til læringsmål og enkelte endringar i utdjupande tekst til læringsmål. Fleire av endringane medfører truleg ingen fagleg konsekvens for legane i spesialisering. Likevel vil det vera endringar i læringsmål som er foreslått i fleire spesialitetar som kan medføre endringar i læringsaktivitetar eller læringsarenaer.	05.02.2021	
19.11.2020	Høyring om Produksjon av arkivuttrekk til Norsk helsearkiv Direktoratet for e-helse ønsker tilbakemeldingar på standarden Produksjon av arkivuttrekk til Norsk helsearkiv, og blir spesielt bedne om å vurdere om: • standarden inneheld tilstrekkeleg informasjon for heilskapsforståinga av avleveringsprosessen • krava er moglege å implementere; spesifikke utfordringar kommenterte og grunngjevast • eksempla er dekkande og relevante	01.03.2021	

Mottatt dato	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
20.11.2020	Forslag til ny lov om legemiddel til dyr Helse- og omsorgsdepartementet foreslår ei ny lov om legemiddel til dyr. Høyringa inneheld forslag som gjennomfører forordning (EU) 2019/6 om legemiddel til dyr i norsk rett. Forordninga erstattar direktiv 2001/82/EF om legemiddel til dyr som er gjennomførte i lov 4. desember 1992 nr. 132 om legemiddel mv. (legemiddelova) med tilhøyrande forskrifter. Forordning (EU) 2019/6 om legemiddel til dyr vart vedtatt 11. desember 2018 og tredde i kraft i EU 28. januar 2019. Forordninga har ei tre års overgangsperiode og kjem til bruk i EU 28. januar 2022. Eit harmonisert regelverk i EØS er nødvendig for norsk deltaking i dei felles samarbeidsprosedyrane for godkjenning og overvaking av legemiddel, og det er difor ønskeleg at forordninga kjem til bruk i Noreg frå same tidspunkt.	08.01.2021	